

Garmann, Mitchell & Co Advokatfirma DA
v/Arild Solheimsnes

Dato: 16.01.2017
Vår ref.: 2017/234-3
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Førespurnad om vurdering av krav om ruteløyve for persontransport

Vi viser til dykkar epost av 09.01.17, der de ber om 'tolking av turvognløyve'.

Løyvestyresmakt for turvognløyve er no Statens vegvesen. Fylkeskommunen er løyvestyresmakt for ruteløyve ('særskilt løyve for rutetransport'). Vi vil difor vurdere spørsmålet dykkar i lys av yrkestransportlova (LoY) § 6 (1), der det heiter følgjande:

Den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med motorvogn må i tillegg til løyve etter § 4 første ledd ha særskilt løyve for rutetransport.

Kva som er rutetransport er definert i LoY § 2, der det m.a heiter følgjande:

Som rutetransport reknast regelmessig transport av personar i eit bestemt trafikksamband dersom transporten står open for alle, og på- og avstigning kan skje på stoppestader som er fastsette på førehand.

Slik vi oppfattar den planlagde persontransporten, er det i første omgang spørsmålet om slik eventuell persontransport vil reknast som open for alle, som må vurderast.

Det heiter i eposten dykkar m.a følgjande:

Det er løyvehaverne og hotellet, og ikke kundene selv, som bestemmer hvem som får benytte transportmiddelet.

For å kunne gjere ei nærmare vurdering av spørsmålet om den eventuelle persontransporten må reknast som open for alle, ber vi om ei utdjujing av på kva grunnlag det er lagt opp til at løyvehavarane og hotellet vil bestemme dette, og korleis det er planlagt å handheve det ved påstiging.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar
e. f.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.